



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

# Evaluering av pilotprosjektet Psykologteamet 2016-2018

AUD-rapport nr. 11-18

## Innhold:

Oppsummering.....	3
Bakgrunn .....	4
Metode.....	4
Psykisk helsearbeid ved skulane .....	5
Kjennskap til og bruk av Psykologteamet.....	6
Psykologteamet sine arbeidsoppgåver .....	7
Systemarbeid.....	8
Individarbeid.....	9
Kor viktig er dei ulike tilboda? .....	10
Systemarbeid.....	10
Individarbeid.....	11
Vurderingar av ordninga .....	13

**Tittel:** Evaluering av pilotprosjektet Psykologteamet

**AUD-rapport nr.:** xx -2018

**Forfatter:** Kristin Iversen

**Kontakt:** [kristin.iversen@hfk.no](mailto:kristin.iversen@hfk.no),

**Oppdragsgjever:** Opplæringsavdelinga, Hordaland fylkeskommune, ved OT/PPT

**Om rapporten:** Evaluering av pilotprosjektet Psykologteamet omfattar ei spørjeundersøking til rektorar, elevtenesta og skulehelsetenesta ved dei vidaregåande skulane i fylket og ei spørjeundersøking til dei tilsette i psykologteamet.

**Dato:** 14.06.2018

Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse



**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**

## Oppsummering

Arbeidet med psykisk helse er i stor grad eit prioritert område ved skulane som har deltatt i spørjeundersøkinga. Kjennskapen til Psykologteamet er samla sett relativt høg, men den er høgare blant dei som er tilsett ved baseskular enn ved dei andre skulane. 93 % av rektorane og tilsette i elevtenesta seier at skulen har nytta seg av teamet sine tenester eller hatt kontakt med teamet. 68 % av dei som er tilsett i skulehelsetenesta svarar at dei har hatt kontakt med Psykologteamet.

I prosjektperioden har Psykologteamet hatt 314 systemsaker, 320 individsaker og 185 «drop in»-saker. Psykologane i teamet nyttar i gjennomsnitt 58 % av tida si på individsaker og 42 % på systemsaker. Når det gjeld systemarbeid er det flest skular har nytta seg av er førelesningar/undervisning av heile klassar/store grupper, at psykologane har delteke i møter, klassesaker og at skulen har delteke i program for psykisk helse.

Spørjeundersøkinga til teamet viser at det er stort mangfald i korleis dei får tilvist både systemsaker og individsaker.

Av dei tilboda som teamet har, er det følgjande som blir vurdert som dei viktigaste: førelesning/undervisning til heile klassar/store grupper, førelesing/undervisning til tilsette, gruppetilbod til elevar, individuell rettleiing for tilsette/helsesøster og klassemiljøsaker.

Det er stor einigheit blant dei som har delteke i spørjeundersøkinga til dei tilsette ved skulane om at ordninga burde utvidast. Dei som er tilsett ved skular som ikkje er baseskular meiner i stor grad at teamet ikkje er tilgjengeleg for dei i tilstrekkeleg grad. Det oppfattast som svært viktig at psykologane er tilstade på skulen.

Dei som er tilsett ved baseskular meiner i større grad enn dei andre at Psykologteamet har bidrege til å sette psykisk helse på dagsorden. Dei som er tilsett ved baseskular meiner også i større grad at samarbeidet mellom skulen og temaet har fungert godt, enn dei som er tilsett ved andre skular.

## Bakgrunn

Seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse (FIA) i Regionalavdelinga har på oppdrag frå Opplæringsavdelinga ved OT/PPT gjennomført ei evaluering av pilotprosjektet Psykologteamet.

For å styrke arbeidet med elevane si psykiske helse, gjorde Fylkestinget i Hordaland i 2016 vedtak om å etablere eit team med psykologar i dei vidaregåande skulane. Ordninga er eit pilotprosjekt som i første omgang går over to år, og prosjektet vart starta i august 2016.

Det er tilsett seks psykologar på heiltid. Teamet er eit lågterskeltilbod for elevane og skal hjelpe skulane i enkeltsaker og med elevane sitt psykososiale arbeidsmiljø. Psykologane har kontorplass på ulike skular (baseskular), men skal gi tilbod og hjelp til alle skular etter nærare avtale. Psykologteamet samarbeider tett med den kommunale skulehelsetenesta og dei andre fylkeskommunale psykologane i PP-tenesta.

I samband med politisk handsaming av ei eventuell vidareføring av psykologteamet ønskja Opplæringsavdelinga ved OT/PPT å gjennomføre ei evaluering av ordninga.

## Metode

For å kartleggje erfaringane med pilotprosjektet Psykologteamet er det gjennomført ei spørjeundersøking ved dei vidaregåande skulane. Utvalet består av rektorar, elevtenesta og skulehelsetenesta. Desse stillingane blei vurdert til å ha gode føresetnadene for å kunne svare på ei spørjeundersøking om erfaringane knytt til Psykologteamet.

Totalt er det 93 respondentar i utvalet. Av desse har 65 svara på heile undersøkinga, og 4 på deler av undersøkinga. Dette gjev ein svarprosent på 74 %. Av dei 69 som har delteke i undersøkinga er det 23 rektorar, 22 som er tilsett i elevtenesta og 22 som er tilsett i skulehelsetenesta. Denne fordelinga gir eit godt utgangspunkt for å samanlikne svara frå dei ulike gruppene.


Dei tilsette i psykologteamet har arbeidsstad/base ved 12 av dei 33 vidaregåande skulane i fylket: Voss vgs, Voss gymnas, Kvam vgs, Amalie Skram vgs, Askøy vgs, Knarvik vgs, Slåtthaug vgs, Sandsli vgs, Os vgs, Nordahl Grieg vgs, Stord vgs og Fitjar vgs. 31 av dei som har delteke i spørjeundersøkinga er knytt til ein baseskule, mens 38 av respondentane er knytt til dei andre skulane. Alle skulane i fylket med unntak av Årstad, er representert i datamaterialet.

I tillegg til spørjeundersøkinga til skulane vart det i evalueringa sendt ut eit eige spørjeskjema til dei tilsette i psykologteamet. Dette skjemaet består i stor grad av opne spørsmål der dei skildrarar sin arbeidskvardag. Alle dei 6 tilsette i teamet har deltatt i denne undersøkinga.

I tillegg til dei to spørjeundersøkingane er teamet sine registrerte saker i journalsystemet i PPI ein del av datamaterialet for evalueringa.


## Psykisk helsearbeid ved skulane

Dei som har delteke i spørjeundersøkinga ved skulane vart spurde om i kva grad arbeidet med psykisk helse er eit prioritert område på sin skule. På ein skala frå 1 til 6 der 1 betyr i svært liten grad og 6 i svært stor grad, er gjennomsnittet for alle 5,0. Dette betyr at respondentane i stor grad opplever at dette er eit prioritert arbeidsområde. Det er små skilnader mellom baseskulane og dei andre skulane på dette spørsmålet:




Også når vi ser på dei ulike yrkesgruppene ved skulane er det små skilnader på dette spørsmålet (Rektor: 5,1, elevtenesta: 5,1 og skulehelsetenesta 4,9)

Dei 23 rektorane vart spurde om skulen har psykolog frå den kommunale skulehelsetenesta med arbeidsstad på skulen. Av desse er det 11 som har denne ordninga mens 12 ikkje har. Det er fleire av dei som ikkje er baseskular (57 %) som har psykolog frå den kommunale skulehelsetenesta på skulen enn blant dei som ikkje er baseskular (33 %).




### Kjennskap til og bruk av Psykologteamet

Kjennskapen til teamet er i gjennomsnitt 4,6 blant alle de spurde i undersøkinga. Det er ein tendens til at dei som jobbar på baseskular i større grad kjenner til teamet (5,4) enn dei som er tilsett ved dei andre skulane (3,9). Kjennskapen til tenesta er større blant rektorane (5,0) og blant dei tilsette i elevtenesta (4,9) enn blant dei tilsette i skulehelsetenesta (3,9).



Totalt er det 93 % av rektorane og dei tilsette i elevtenesta som seier at skulen har nytta seg av teamet sine tenester eller hatt kontakt med teamet. Blant dei som er tilsett ved baseskular svarar alle at skulen har hatt kontakt med psykologteamet, mens tilsvarende del ved dei andre skulane er 88 %. Dei tilsette i skulehelsetenesta fekk eit eige spørsmål om skulehelsetenesta hadde nytta seg av teamet sine tenester eller vore i kontakt med teamet. Totalt svarar 68 % at skulehelsetenesta har vore i kontakt med teamet. Det er ein større del (90 %) av dei som er tilsett på baseskular som svarar bekräftande på dette spørsmålet enn blant dei frå skulehelsetenesta som er tilsett ved dei andre skulane (45 %).




## Psykologteamet sine arbeidsoppgåver

Arbeidsoppgåvene til Psykologteamet kan delast inn i individsaker og systemsaker. Individsaker er ein skilde elev som har blitt følgt opp av psykolog med inntil fem samtalar mens systemsaker til dømes er arbeid med kompetanseheving, oppfølging av elever i gruppe/klasse, tverrfagleg samarbeid. Data basert på psykologane sine eigne registreringar i PPI viser at dei i prosjektperioden (1/8 2016-1/6 2018) har hatt 314 systemsaker og 320 individsaker. I tillegg har dei hatt til saman 185 «drop in» saker. Drop in er elev som har hatt 1-2 samtalar med psykolog utan avtale. Til saman har psykologane i teamet hatt 505 individ/drop in saker. Individuelle samtalar og drop in har i prosjektperioden berre vore eit tilbod på baseskulane på grunn av kapasitet. Av dei 314 systemsakene har 243 vore på baseskular, 51 på dei andre skulane og 20 av sakene er ikkje knytt til ein skule. Det er registrert 3 individsaker på ikkje-baseskular, resten er registrert på baseskulane.

I gjennomsnitt seier psykologane i spørjeundersøkinga at dei brukar 58 % av tida si til individualsaker. Kor mykje av tida som går med til individualsaker, varierer frå 40 % til 70 %. På den andre sida nyttar psykologane i snitt 42 % av tida si på systemsaker. Her er variasjonen frå 30 % til 60 %.

## Systemarbeid

Dei tilsette ved skulane vart spurde om skulen har nytta ei rekkje av ulike tilbod frå psykologteamet. Figuren under syner kor stor del av skulane som har nytta seg av dei ulike tilboda knytt til psykologteamet sitt systemarbeid. Samla sett er det flest som har nytta seg av førellesningar/undervising av heile klassar/store grupper (83 %), at psykologane har delteke i møter (79 %), classesaker (54 %), og at skule har delteke i program for psykisk helse (51 %). Det er ein gjennomgåande tendens at baseskulane i større grad har nytta dei ulike tilboda enn dei andre skulane. Blant dei tilsette på baseskulane svarar 100 % at skulen har nytta seg av førellesning/undervising og at psykologane har delteke i møter.




Psykologane i teamet blei i spørjeskjemaet bedne om å gje døme på korleis systemsaker har vorte tilvist til dei. Det er mange ulike måtar systemsaker har vorte tilvist til teamet:

- Lærarar/helsesøster/elevtenesta tek direkte kontakt
- Skulen sitt ressursteam
- Skulen sin administrasjonen
- Skulen si leiing tek kontakt (rektor/assisterande rektor)
- PPT



## Individarbeid

Når det gjeld individarbeid er dette noko som i all hovudsak er tilgjengeleg for baseskulane, noko som vert gjenspegla i svara frå spørjeundersøkinga. Totalt er det 66 % som svarar at skulen har nytta seg av samarbeid rundt einskildelevar. Blant dei som er tilsett på baseskular er delen 100 %, mens den er 25 % blant dei som jobbar ved dei andre skulene. Til saman 56 % oppgjev at skulen har nytta seg av lågterskeltilbod for elevar. Blant dei som jobbar ved baseskular er det 96 % som svarar at skulen har nytta seg av dette tilbodet, mens delen blant dei som er tilsett ved dei andre skulane er 8 %.




Psykologane i teamet vart bedne om å gje døme på korleis individsaker vert tilvist. I likskap med systemsakene, får teamet tilvist individsaker gjennom ei rekkje ulike kanalar:

- Eleven sjølv tek kontakt
- Kontaktlærer/lærer
- Helsesøster
- Rådgjevar
- Skulen sitt ressursteam
- Føresette har tatt kontakt


## Kor viktig er dei ulike tilboda?

### Systemarbeid

Dei tilsette ved skulane vart spurde om kor viktig dei meiner det er at psykologane tilbyr dei ulike tenestene. På ein skala frå 1 til 6 der 1 betyr svært lite viktig og 6 betyr svært viktig, vert alle tilboda vurdert som viktige. Det er ingen av tilboda som får lågare skår enn 4,3. Dei tilboda som vert vurdert som dei viktigaste er: førelæring/undervisning til heile klassar/store grupper og førelæring/undervisning til tilsette (5,2), gruppetilbod til elevar, individuell rettleiing for tilsette/helsesøster og klassemiljøsaker (5,1). Dei to tilboda som skårar lågast i undersøkinga er «drop in»- seminar og foreldreretta arbeid, med 4,3 i snitt, men dette er også ein relativt høg skår. Det er ingen klare tendensar til systematiske skilnader mellom baseskulane og dei andre skulane på dette spørsmålet. Størst skilnad er det når det gjeld å delta i program for psykisk helse (baseskular: 4,6 og andre skular 5,3) og delta i møter (baseskular 5,3 og andre skular 4,1)




Figuren under viser dei same spørsmåla fordelt på dei ulike yrkesgruppene ved skulane. Hovudtendensen er at dei tilsette i skulehelsetenesta i større grad meiner at dei ulike tilboda er viktige enn dei rektorane og dei tilsette i elevtenesta gjer. Til dømes er gjennomsnittsskåren for førelæring/undervisning til heile klassar/store grupper 4,9 blant dei tilsette i elevtenesta, 5,3 for rektorane og 5,6 for dei tilsette i skulehelsetenesta. Når det gjeld at psykologane deltek i møte er gjennomsnittet 4,5 for rektorane og elevtenesta og 5,5 blant dei tilsette i skulehelsetenesta. På spørsmålet om viktigheit av individuell rettleiing for tilsette/helsesøster er gjennomsnittet 5,1 blant rektorane, 4,8 blant dei tilsette i elevtenesta og 5,7 blant dei tilsette i skulehelsetenesta.




## Individarbeid

Også dei to tilboda knytt til individarbeid vert vurdere som langt på veg viktige av dei tilsette ved skulane. Det er heller ikkje her store skilnader mellom dei som jobbar på baseskular og dei som jobbar på dei andre skulane. Dei som er tilsett ved dei andre skulane (5,7) meiner i noko større grad enn dei som er tilsett ved baseskular (5,3) at lågterskeltilbod til elevar er viktig.



Om vi ser på dei ulike yrkesgruppene, er tendensen den same som for systemarbeidet på spørsmålet om samarbeid med skulen rundt einiskild elevar; dei som er tilsett i skulehelsetenesta (5,5) vurder dette som viktig i noko større grad enn dei tilsette i elevtenesta (4,9). Når det gjeld lågterskeltilbod til elevar, er det rektorane som har den høgaste skåren med 5,7.



Psykologane vart spurde om kva som er dei viktigaste årsakene til at elevar tek kontakt med dei. Som ordskya under viser, er det ein svært stor del av elevane som tek kontakt på grunn av tilhøve knytt til depresjon, angst og stress:




WordItOut


Respondentane ved skulane vart spurde om dei eller andre tilsette ved skulen har delteke på andre arenaer der Psykologteamet har bidrege (f eks. konferansar, fagdag). Til saman 57 % svarar «ja» på dette spørsmålet. Det små skilnader på baseskulane ( 55 %) og dei andre skulane (59 %) når dei gjeld om har delteke på slike arrangement.

## Vurderingar av ordninga


I dag er psykologteamet satt saman av seks psykologar med base på til saman 12 skular. Det er stor einigheit blant dei som har delteke i undersøkinga om at ordninga burde utvidast ( totalt 5,0 i gjennomsnitt på ein skala der 1 betyr heilt ueinig og 6 betyr heit einig). Respondentane i undersøkinga vart og bedne om å ta stilling til påstanden «Psykologteamet er tilgjengeleg for min skule i tilstrekkeleg grad». Totalt sett er gjennomsnittet her 2,9 noko som er relativt lågt. Det er også stor skilnad på baseskulane og dei andre skulane på dette spørsmålet. Blant dei som er tilsett på baseskular er gjennomsnittet 3,9, mens tilsvarande tal for dei som er tilsett på dei andre skulane er 1,8. Det er altså dei som er tilsett på dei andre skulane som i størst grad opplever at teamet ikkje er tilgjengeleg i tilstrekkeleg grad, men også snittet for dei som er tilsett på baseskular må kunne seiast å vere noko lågt. Dei spurde er i svært stor grad (5,6) eining i påstanden «Det er viktig at psykologteamet er tilstade på skulen». Her er det ingen skilnad mellom tilsette ved baseskulane og dei som er tilsett ved andre skular.




Rektorane (4,3) meiner i noko mindre grad at ordninga burde utvidast enn det dei tilsette i elev- (5,3) - og skulehelsetenesta (5,2) meiner. Elles er det små skilnader mellom dei ulike yrkesgruppe på dei andre påstandane.



Totalt sett er gjennomsnittet om lag midt på skalaen (3,6) på spørsmålet om i kva grad Psykologteamet har bidrege til å sette psykisk helse på dagsorden ved skulane. Det er ein klar tendens at dei som er tilsett ved baseskular i større grad meiner at teamet har bidrege til dette (4,7) enn dei som er tilsett ved dei andre skulane (2,4). Tala syner vidare at gjennomsnittet på dette spørsmålet for rektorane (3,1) er noko under det totale gjennomsnittet, mens det for dei tilsette i elevtenesta (3,7) er om lag på snittet og for dei tilsette i skulehelsetenesta (4,2) er noko over.



Samla sett er dei som har delteke i spørjeundersøkinga (4,3) relativt godt nøgde med korleis samarbeidet mellom skulen/skulehelsetenesta og Psykologteamet har fungert. Dei som er tilsett ved baseskular meiner i noko større grad at samarbeidet har fungert godt (4,9) enn dei tilsette ved dei andre skulane (3,5). Det er små skilnader på korleis rektorane (4,2), dei tilsette i elevtenesta (4,5) og dei tilsette i skulehelsetenesta (4,4) meiner at samarbeidet med teamet har fungert.




Psykologane i teamet vart spurde om kva som har vore dei største utfordringane i arbeidet i Psykologteamet. Dei peker i all hovudsak på utfordringar som er knytt til tilhøve som:

- Krevjande å bygge opp eit nytt tilbod som samtidig skal vere i drift
- Utfordringar med utforming og organisering av tenesta
- Høgt tids- og arbeidspress
- Jobbar mykje aleine
- Kontorfasilitetar

Dei tilsette ved skulane vart bedne om å vurdere nytteverdien av tilbodet for deira skule. Den samla gjennomsnittsskåren på dette spørsmålet er 3,9. Men på dette spørsmålet er det svært stor skilnad på baseskulane og dei andre skulene Dei som er tilsett på baseskuler meiner i snitt at ordninga har vore svært nyttig for skulen (5,3) mens snittet for dei som arbeider ved andre skular er så lågt som 2,5. Dette indikerer at det å ha psykologteamet fysisk tilstade på skulen, slik som ordninga fungerer i dag, er avgjerande for at den skal opplevast som nyttig for den einkilde skule. Om vi ser på dei ulike yrkesgruppene ved skulane, er det dei tilsette i skulehelsetenesta som i størst grad meiner at ordninga har hatt nytteverdi for deira skule (4,5) etterfølgd av elevtenesta ( 4,1) og rektorane (3,4).





Dei tilsette i psykologteamet vart bedne om å kome med innspel til kva som eventuelt burde endrast ved ordninga om den vert vidareført. Mange av innspela her er knytt til følgjande tilhøve:

- Legge til rette for tettare samarbeid og tilhøyrsløse i teamet
- Utbetringar av fysiske arbeidstilhøve
- Utviding av teamet
- Tydelegare mål og prioriteringar for arbeidet

Rektorane og dei tilsette i elve- og skulehelsetenesta vart til sist i spørjeundersøkinga spurde om dei hadde andre kommentarar til ordninga. Det er nokre tema som går i igjen i kommentarane:

- Ønske om utviding av ordninga (psykolog på alle skular)
- Meir rettferdig fordeling av ressursane i ordninga mellom skulane
- Meir informasjon om kva Psykologteamet tilbyr
- Tydeleggjering av grenseoppgangar mellom denne teneste og andre (t.d. OT/PPT, skulehelsetenesta og skulepsykolog)

